



Thorbjørn Andvik Holm
Hamrenesvegen 873
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/2 - 23/15195

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
28.06.2023

128/3 - Gjeld førespurnad om fasadeendring bygningsnummer 175875352

Kommunen syner til motteken e-post av 21.06.2023 med vedlegg.

Det vert lagt til grunn at førespurnaden gjeld fasadeendring i eksisterande garasje med bygningsnummer 175875352 på gnr. 128 bnr. 3. Fasadeendinga gjeld innsetjing av eitt vindauga.

Utsnitt frå ortofoto:



Tiltaket gjeld bygningen som er utheva.

Ut frå motteken informasjon legg kommunen til grunn at fasadeendinga ikkje gjeld fasaden med skyveportar, men fasaden mot sørvest.

Kommunen har vurdert saka og kome fram til at tiltaket er eit mindre tiltak som kommunen kan frita frå søknadsplikt, jf. plan- og bygningslova § 20-5, 1. ledd, bokstav g. Det vert difor ikkje stilt krav om innsending av søknad for gjennomføring av tiltaket.

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med dei krav om elles fylgjer av reglar gjeve i eller i medhald av lov, jf. plan- og bygningslova § 20-5, siste ledd.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakar:

Thorbjørn Andvik Holm

Hamrenesvegen 873

5281

VALESTRANDSFOSEN